

## Eit klassedelt samfunn på misjonsmarka

21.01.2016



Arkivfoto

**Temakveld fire til Gunnar Kjærland handla om korleis samfunnet på misjonsmarka i Etiopia var bygd opp, om tradisjon og skikkar i eit klassedelt samfunn. Dei fattige hadde ikkje noko. Dei levde frå hand til munn og tigga. Så kom middelklassen om arbeidde hardt og dreiv med sal på markedet. Dei rike var verkeleg rike. Dei hadde alt dei trøng.**

Giftarmål mellom to stammer var vanskeleg. Det vart drøfta på møte kvart 8. år og kunne ta lang tid for å koma fram til ei løysing. Rikdom særpregra måten ein budde på, ofte i hytter plasserte i sirkel. Det var ein rikdom å ha kyr og hestar, men berre til å sjå på, ikkje til nytte.

Vasshenting var ei viktig oppgåve, ofte i brunnar som låg djupt i grunnen. Kvinnene kunne stå timevis og ausa vatn.

For ein innflyttar var det viktig å bruka tid på å knekka koden og bli kjend med folket. Gunnar Kjærland fekk etter kvart gode vener mellom dei innfødde. Han spurde om alt, skreiv dagbok og samla viktig kunnskap. Vi ventar spent på neste føredragskveld og om korleis Gunnar vil avslutta tema Misjon og kultur.

Tekst: Svanhill Haugland/ Kristian Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen

Nett: Hans Ordin Østebø